



Referat

Drøfting av: Organisasjonsplan for nye Ålesund kommune
Møtestad: Rådhuset, Ålesund
Dato: 22. februar 2019
Tid: Kl. 0900-1300
Møteleiar: Astrid Eidsvik

Deltakarar frå Nye Ålesund kommune: Astrid Eidsvik, Bente Glomset Vikhagen, Reiten, Line Thomassen, Kathrine P. Beite, Malin Piegsa, Magne Øvre Karlsen

Deltakarar frå arbeidstakarorganisasjonar og verneteneste: Randi Alvestad, Harald Sten Hatlen, Ann Cathrin Nyhammer, Haldor Lillebø, Frank Harneshaug, Laila Alvestad, Stein Inge Skogen, Linn Jenny Morsund, Geir Lorentzen, Stig Meisal, Cecilie Solli, Tove Kristensen, Ramona A Arnesen Pilskog, Geir Skodje, Maren Kongsnes, Michael Werner, Martha Trones, Frode Nordstrand, Jann Ove Ertresvåg, Hanne Tønning, Kristin Nonsvik, Lars Marius Rindal

Saksliste

1. Godkjenning av referat frå førre drøftingsmøte
2. Drøfting av forslag til organisering. Som grunnlag for drøftingsmøtet låg dokumentet «Nytt forslag til drøfting 22. februar 2019: Organisasjonsplan nye Ålesund kommune».
3. Drøfting av forslag til bemanningsplanar med utvalskretsar og kriterier.

Godkjenning av referat frå drøftingsmøta 6. og 13. februar 2019

Ann Cathrin Nyhammer presiserte nokre punkt i referata frå dei førre drøftingsmøta:

Det har ikkje kome med i referatet den 6 februar at eg, Ann Cathrin tok opp med Astrid dette med at fysioterapeutane ville at ein skulle ha same avdelingsleiar også for dei fysioterapeutane som har driftavtale. Det ville då vere ei betre løysing for å kunne samarbeide betre med dei. Det er heller ikkje kome med at ein skulle notere om ein må innplassere ein assisterande verksemdsleiar under verksemd Hessa-Borgund heimetenedistrikt som har 142 årsverk.

Det har heller ikkje kome med at eg i referatet den 13 februar tok opp at det er store verksemdar i helse og omsorg, og at det er veldig sårbart. Ein har ikkje folk som

stepper inn verken for verksemdsleiar eller avdelingsleiar viss nokon blir sjuke eller har ferie der. Eg la også til i forhold til det med tildelingskontor, at når ein lesar høyringsnotatet så kjem det tydeleg fram at mange i Ålesund er misfornøyd med korleis ein samarbeider der. Ein må derfor endre innhaldet og få til betre samarbeid i tildelinga. Dette i tilknytning til det Linn Jenny sa om tildelingskontor.

Laila Alvestad presiserte nokre punkt i referata frå dei førre drøftingsmøta:

Referat 6. februar:

Helse og omsorg: Her stilte eg også spørsmål om kvifor dei vil vidareføre noko som dei tilsette meiner ikkje fungerer.

Velferd og sysselsetting: Spurte ikkje om innhald, men kven som skal ligge under dei enkelte verksemdene. Som f.eks kjøkken. Rus og psykiatri ville eg at det skulle stå kvar Sandøy og Ørskog skulle ligge under, og kva avdelingane for butenester Nordre skulle heite. Generelt så ønskja eg at alle som les dokumentet skal vite kvar dei høyrer til.

Miljø, by- og stadutvikling: Dette var det Randi Alvestad, på vegne av Fagforbundet, som viste til, ikkje eg.

Referat 13.februar:

Generelt > Andre setning: stilte spørsmål om det grunna pedagognorm og bemanningsnorm kan verte overtallege i barnehagane når det vert oppretta nye stillingar som verksemdleiarar, fordi når dei som er verksemdleiarar i dag vert avdelingsleiarar med lågare ansvar, kan det føre til at dei får lågare stillingsprosent og må inn på avdeling.

Miljø, by- og stadutvikling: Her har det ikkje komme med at eg, i høve veg og grønt - leiing team, kommenterte at «Drift indre og nordre» er eit veldig stort geografisk område og at det her bør vurderast om ein skal ha arbeidsleiarar. I tillegg påpeika eg at alle som er tilsett på dette området i Sandøy i dag, er deltids brannpersonell og kan derfor ikkje flytte på seg. Dette svarte Astrid på, det står heller ikkje.

Konklusjon:

Referata frå førre drøftingsmøte godkjent med presiseringane til Nyhammer og Alvestad.

Organisasjonsplan

Organisasjonsplanen vart drøfta.

Konklusjon:

Astrid Eidsvik konkluderte med at organisasjonsplanen vil bli vedteken i tråd med dokumentet «Nytt forslag til drøfting 22. februar 2019 – organisasjonsplan nye Ålesund kommune», med følgande presiseringar og justeringar:

Kapittel 1 (Innleiing):

- Stillinga «Leiar KF» takast vekk frå oversikta i punkt 2.5 (5). Kva stilling ein skal nytte når ein etablerer føretak vert teken att når ein skal utarbeide organisasjonsplan for føretaka.

- Det vart stilt spørsmål ved om leiarar for stabsavdelingar bør ha stilling som kommunalsjef, mellom anna for å kunne ha instruksjonsmynde over verksemdsleiarar. Astrid Eidsvik og Roar Reiten konkluderte med at det ikkje er naudsynt å ha stilling som kommunalsjef for å kunne utøve eit fagansvar.

Kapittel 3 (Overordna organisasjonskart):

- Det vart stilt spørsmål ved om stabsavdeling Kommuneadvokat bør vere markert med ein eigen boks i organisasjonskartet. Astrid Eidsvik konkluderte med at det ikkje er naudsynt, og at forslaget til organisasjonskart er godt nok.

Kapittel 4 (Helse og omsorg):

- Fleire av dei tillitsvalde ga uttrykk for at dei er bekymra for at det er for lite leiarressursar, mellom anna i kommunalområde helse og omsorg. Astrid Eidsvik sa at spørsmål knytt til harmonisering av tenester, medrekna leing og behov for auka leiarressursar, må løysast på anna vis enn gjennom arbeidet med denne organisasjonsplanen. Slike spørsmål må avklarast i ordinære budsjettprosessar. Dette er omtalt fleire plassar i planen, mellom anna i innleiinga og i kapittel 5. Eidsvik konkluderte med at dette kan beskrivast også i kapittel 4.

Kapittel 5 (Velferd og sysselsetting):

- Det vart stilt spørsmål om kva avdelingar Sandøy og Ørskog soknar til i verksemd Psykisk helse og rus. Astrid Eidsvik sa at Sandøy høyrer til avdeling Haram, og at Ørskog høyrer til avdeling Skodje. Ho konkluderte med at dette kan nemnast i kapittel 5.

Kapittel 6 (Barn, familie og integrering):

- Det vart stilt spørsmål om faglige koordinatorfunksjonar i helsestasjonar skal vidareførast i ny verksemd Helsestasjon. Astrid Eidsvik sa at planen ikkje legg opp til nokon store endringar i fagstillingane i helsestasjonane. Ho vil også vurdere om det kan vere aktuelt å endre på grensene for avdelingane med sikte på ein meir lik storleik.
- Det vart stilt spørsmål om kantina på rådhuset i Ålesund skal vere organisert i verksemd Integrering eller Måltidsproduksjon. Astrid Eidsvik sa at ho har forsøkt å undersøke dette, men at ho ikkje har fått avklart spørsmålet enno. Dersom det er aktuelt å endre forslaget til organisering vil ho sørge for at saka blir drøfta med dei tillitsvalde først.

Kapittel 7 (Opplæring):

- Det vart stilt spørsmål om grunngjevinga for inndelinga i administrative verksemdar for skulane, derunder forslaget om å organisere skulane i Tennfjord og Vatne i ei administrativ verksemd. Etter drøfting konkluderte Astrid Eidsvik med at Vatne barneskule, Vatne ungdomskule og Tennfjord barneskule organiserast som eigne verksemdar med eigne verksemdsleiarar frå 2020. Det vert føreset at ein skal vurdere organiseringa i løpet av 2020, med sikte på organisering i ei administrativ verksemd i løpet av 2021, i god tid før ny felles skule står klar. Ho konkluderte med at resten av forslaget til inndeling av verksemdar står fast.
- Det vart stilt spørsmål ved om talet på mellom- og arbeidsleiarar i skulane var foreslått ut frå eins prinsipp. Astrid Eidsvik konkluderte med at ein vil kvalitetssikre forslaget før ein startar arbeidet med plassering i stillingane.

- Det vart stilt spørsmål ved rolle- og ansvarsfordelinga mellom høvesvis verksemdsleiar og barnehagestyrar og rektorar og assisterande rektorar. Astrid Eidsvik viste til dei to førre drøftingsmøta kor dette har vore drøfta, og sa at ho føreset at ansvar og rolleavklaring vil bli gjort tydelig. Ho sa at det skal utarbeidast stillingsbeskrivingar for leiarstillingar, og konkluderte med at slike beskrivingar skal utarbeidast før plassering i stillingar som barnehagestyrar og assisterande rektor.
- Det vart stilt spørsmål ved den organisatoriske plasseringa av SLT-koordinator. Astrid Eidsvik svarte at ein slik koordinator skal arbeide opp mot ungdommar og skular, og konkluderte med at staben til kommunalområde Opplæring er ei naturleg organisatorisk plassering for denne koordinatorstillinga.

Kapittel 8 (Kultur og medborgarskap):

- Det vart stilt spørsmål om grunngevinga for forslaget om leiarstruktur i avdeling Innbyggartorg, kor det er foreslått ein felles avdelingsleiar og arbeidsleiarar på kvart innbyggartorg. Astrid Eidsvik konkluderte med at ho vil vurdere på nytt om det er tenlig å ha ei stilling som avdelingsleiar, gitt at det einkilde innbyggartorg skal ha ein arbeidsleiar.
- Det vart stilt spørsmål om stillingsnemninga teamleiar er ei god nemning på ei arbeidsleiarstilling. Astrid Eidsvik konkluderte med at denne nemninga på arbeidsleiarar ikkje skal nyttast og at den vert teken ut av planen.

Kapittel 9 (Miljø-, by og stadutvikling):

- Det vart stilt spørsmål om grunngevinga for inndeling av verksemder i kommunalområde Miljø, by- og stadutvikling. Astrid Eidsvik sa at grunngevinga for å samle Plan, byggesak og geodata i éi verksemd dels er knytt til storleik, dels til behov for å samordne tenestene og dels at ein vurderer at det er praktisk mogleg å etablere ei felles verksemd frå 2020. Ho viste også til at ein planlegg å samle Veg og grønt og Vatn og avløp i éi verksemd, men at ein her vurderer at det er naudsynt å bruke noko meir tid (i løpet av ein periode på tre år).
- Det vart også stilt spørsmål om grunngevinga for at Plan og Landbruk bør vere kvar si avdeling. Astrid Eidsvik sa at det er tenlig å organisere dei i to avdelingar fordi dei forvaltar kvar sitt lovverk og i tillegg at landbruk er ei interkommunal teneste.

Forslag til bemanningsplanar med utvalskretsar og kriterier

Konklusjon:

Drøftinga vert utsett til nytt møte torsdag 28.2.2019.

Referent:

Magne Karlsen